



Ein aborist er det same som ein trepleiar eller tredoktor som nokon kallar dette yrke.

**Eikjo frå sein mellomalder og bøketrea på Bygdetunet Rød treng skjøtsel og sikring. Dette er eit vanskeleg og krevjande arbeid. Her trengst det fagfolk på plassen Ein aborist er det same som ein trepleiar, ein fagperson som jobbar med stell, sikring og felling av store tre. I samanheng med arbeid i sjukehusparken på Valen, kom tredoktorane til Rød og gjorde eit stort arbeid for mellom anna å sikra tunet for skade.**

Med tau, hjelm og sikring er dei som ein Tarzan oppi dei høge trea. Høgt heng dei og lufting er den jobben som vert gjort med å fjerna rotne og skadde greiner. Å kutta greiner er naudsynt, men det vert aldri gjort større inngrep enn det som er naudsynt.

Etter nokre dagar arbeid var det ikkje lite greiner og ved som ligg att på bakken og i vegen opp til tunet til Anlaug Rød. Eikjo og bøketrea har til tider vore skapt vanskar med trafikken gjennom tunet. Ikkje minst har stormane dei siste åra ført til brotne greiner og dermed skade på husa i bygdetunet. No skal det meste vera på stell og Eikjo frå sein mellomalder vil enno ha ei lang levetid.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Siv Framnes



Ein aborist må ikkje vera plaga med høgdestrekk der han gjer sitt arbeid med felling,greinkutting og skjøtsel av gamle tre.